Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Beit og brom.

Oppskr. av: E. Tidemann

(adresse): Kjerringøy

Fylke: Nordland

Herad: Kjerringøy

Bygdelag: Kjerringøystranda

Gard: Os

G.nr. 46 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både og.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja, ei tid var ris mykje nytta som attåt for til kjyrne. Det var kalla ris når dei tunne kvistene var skårne av buska. Men vart buska köyrd heim frå skogen og lagt ner på marka ute for fjöset og kjyrne vart slept ut så dei beit kvistene av da vart det kalla beit.
Det var björk som vart nytta til ris eller beit. Av og til vart det òg nytta selje eller vier. Men det var det mindre av i skogane her i bygdene så det gjekk mest ut over björka
2. Dei som drog til skogs berre med det fyremålet å henta ris var i „risskogen". Riset vart oftast bore heim på ryggen. Men kunne dei köyra vart det med vanleg vedslede. Nokon serskild slede til det bruket var det ikkje
3. Både skav, ris og brom er „bunöför", og bunöa synte seg klårast ut i mars og april. Det vert då frå den tida at ein tek til „å dra attåt". Dei som frå hausten av var klår over at dei „sette inn" meir kröter enn dei hadde stråfor til tok til med ris

1245

og skar så snart det vart köyrföre så dei kom seg til skogs etter ved. Dei köyrde så heim heile treet, noko dei fleste gjer endå, og skar - eller braut - riset av heime. For ein 50-60 år sidan var det vanleg skikk å sleppa kyrne ut. Nokre buskar vart lagt fram på „bugarden" og der beita så kyrne riset. Den skikken er, det eg no veit, slutt på. No vert riset skåre - eller helst brote av etter kvart det vert bruka. Ein må ikkje bryta meir ris enn som kyrne et for kvar dag. Vert riset liggjande vissnar det og ingen vil då eta det.

4. Gjekk ein til skogs etter ris eller brom vart det nytta iks og kniv. Men elles måtte ein helst brjota kvisten. Om ein skar vart stilken for kvass og kunne verta til skade for kua. Det er ikkje kjent at nokon hadde serskilt kniv til risskjering.

5. Det er kyrne som skal ha ris og brom. Dei har sterke tenner og er sterk nok i kjeften til å tygga det heller harde föret. Men mjölkekyrne må ikkje få björkeris. Då vert dei turr - sluttar å mjölka. Om dei får noko lite brom (kvistar av rogn) skal ikkje det skada så mykje.

Både riset og bromet vert gjeven bert, d.v.s. utan å vera blanda med anna fór. Dei avbrotne kvistane vert lagt i krubba slik dei er brotne av treet heilt for seg sjölv.

6. Eg kjenner ikkje til skikken her er nemnd. Riset og bromet sit på trea til dagen det skal bli bruka. Under heim-

1245

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

köyringa vart trea reiste opp helst etter ein husvegg. Når trea såleis var reist opp var det ein „vedkase". Der stod så risbuska til riset skulle bli tatt. Om det å ha ut kjyrne har eg skrive i bolk 3.

Ordet vedkase er frå Helgeland. Her i Salten er det „vedbröte". Og det å dra dei einskilde trea saman er å leggja veden i bröte.

7. Skikken som her er nemnd er for meg heilt ukjend.

Dette var noko om ris og brom til attåtför. Men her er enda mykje at av emnet attåtför. Vi har tang og tare, rösslyng og moldför, fiske = hovud og fiskeryggar o. meir. Emnet er vidsveimt, men det kunne kanskje vera verdt å ta desse minne med før dei heilt er avgløymt. No kjöper folket attåtföret og nemner det kraftför. Det gamle er snart gløymt.

Kjerringöy 24-1-1948

Tidemann

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1245

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING